

Etablerarfond for Hardanger, Sunnhordland og Bergensregionen

Fylkesutvalet vedtok 23. april 2015 å oppretta ei ordning med tre regionale etablerarfond. Den totale ramma for fonda er på 4 000 000 kroner for 2017, og fordelinga mellom regionane er som følger:

Region	Kommunar	Sum
Etablerarfond for Sunnhordland	Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes	792 000
Etablerarfond for Hardanger	Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang og Ulvik	584 000
Etablerarfond for Bergensregionen	Askøy, Austrheim, Bergen, Fedje, Fjell, Fusa, Gulen, Masfjorden, Lindås, Meland, Modalen, Os, Osterøy, Radøy, Samnanger, Sund, Vaksdal, Voss og Øygarden.	2 624 000

Krav til søknader og prioriteringskriterier

Søknad om tilskot frå dei regionale etablerarfonda for 2017 må sendast gjennom [det nettbaserte søknadssystemet RF13.50](#). Eit generelt krav er at midlane skal nyttast i tråd med [Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland \(HHN\)](#). Vidare må søknaden tilfredsstilla nokre krav kor dei viktigaste er:

1. Prosjekt eller tiltak som det vert søkt om midlar til må vere forankra i ein eller fleire av kommunane i den regionen det vert søkt om tilskot i. Prosjektet skal ha god kvalitet, søkjar skal ha god gjennomføringsevne og verksemda som vert etablert bør innehalda minst eitt årsverk.
2. Målgruppe for dei regionale etablerarfonda er ny-etablerte verksemdar som er etablert det året det vert søkt om midlar, eller prosjekt som vil føre til etablering av ei verksemd innan 12 månader etter tildelinga av tilskot. Enkeltpersonforetak reknast også som verksemd i denne samanhengen.
3. Midlane skal tildelast som tilskot på inntil 50.000 kroner til etablerarar og ny næringsverksemd som fell utanfor Innovasjon Noreg si ordning med [«etablerartilskot til gründerbedrifter med vekstambisjonar og ein forretningsidé som representerer noko vesentleg nytt i marknaden»](#). Tilskotet vert gitt innanfor rammene av bagatellmessig støtte.
4. Tilskot frå etablerarfondet skal bidra til gjennomføring av naudsynte tiltak i tidleg oppstartsfase, og gje gründeren kompetanse om marknad og økonomi. Aktuelle aktiviteter kan vera: Kundeundersøkingar, brukarstudiar og anna kartlegging for å få meir brukarinnsett, testing og vidareutvikling av forretningsidé, kostnader knytt til nettverksbygging og styrking av kompetanse innan forretningsutvikling.

Forvaltninga og verkemiddelbruken skal vera i tråd med [«Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske verkemiddel av 1. januar 2014»](#). For regionale etablerarfond betyr dette at det kan gjevast tilskot til enkeltbedrifter og etablerarar. Midlane kan ikkje brukast til:

- a) Drift av næringsverksemd eller organisasjonar (t.d. varelager, husleige, marknadsføring m.m)
- b) Kausjon eller annan økonomisk garanti
- c) Direkte eller indirekte investeringar i verksemdar sin eigenkapital
- d) Renter og avdrag på lån og refinansiering av gjennomførte prosjekt

Regionråda som forvaltarar etablerarfondet kan bruka inntil fem prosent av midlane som vert forvalta, til å dekke administrasjons- og gjennomføringskostnader.

Søknadar skal sendast inn elektronisk gjennom det [nettbaserte søkesystemet RF 13.50](#) I søknaden vil det mellom anna bli bedt om følgjande opplysningar:

- Ein omtale av tiltaket det søkast om tilskot til, inkludert målsettingar for tiltaket og relevans for formålet med tilskotsordninga.
- Plan for gjennomføring, inkludert aktivitetar, tidsplan, organisering og samarbeidspartnarar.
- Forventa resultat.
- Budsjett for prosjektet/tiltaket med finansieringsplan.
- Søknadssum.
- Andre relevante opplysningar søkeren meiner er viktige for søknaden og andre opplysningar som er spesifisert i kunngjøringa.
- Søkjaren skal opplyse til tilskotsforvaltar om verksemda har søkt om, eller mottatt, offentlig støtte frå andre verkemiddelaktørar, inkludert spesifisering av bagatellmessig støtte.
- Tilskotsforvaltar kan be om opplysningar utover dette i eige skjema som skal leggjast ved søknaden

Når tiltaket/prosjektet er gjennomført skal tilskotsmottakar levera ei kort rapport med dokumentasjon på kostnadene. Kostnader med eige arbeid kan utgiftsførast. I den samanheng vert eigar og ektefelle sin arbeidsinnsats godkjent med maksimalt 350 kr/t. Dokumentasjon med timelister.

Når det gjeld handsaminga av søknaden gjeld desse føresetnadane:

- Søknader vert handsama fortløpande. Vurderinga av søknadene vert gjort administrativt, og det vert lagt opp til rask sakshandsaming. Svaret på søknaden vert gjeve som skriftleg tilsegn/avslag.
- For tilskot over 25.000 kroner kan tilsegnsmottakar få utbetalt 50 % av tilskotet ved oppstart. Resterande beløp vert utbetalt ved prosjektavslutning, og innan tolv månader etter tildeling, når tilsegnsmottakar har levert ein sluttrapport via www.regionalforvaltning.no
- Tilskot under 25.000 utbetalast med heile summen ved oppstart av prosjektet. Tilsegnsmottakar skal levera sluttrapport via www.regionalforvaltning.no innan tolv månader etter mottatt tilsegn.

Tilskotsforvaltaren har rutinar for klagebehandling. Dette omfattar korleis klagen skal leverast, kva opplysningar klagar må gje og kontaktinformasjon til rett klageorgan som klagen skal sendast til.

Dei regionale etablerarfonda vert forvalta av:

Etablerarfond for Sunnhordland:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS

Telefon: 53 45 67 90

E-post: firmapost@samarbeidsraadet-sunnhordland.no

Postadresse: Postboks 444, 5403 Stord

Besøksadresse: Borggata 57, første etasje

Etablerarfond for Hardanger:

Hardangerrådet IKS

Telefon: 53 67 14 50

post@hardangerraadet.no

Postboks 78, 5782 Kinsarvik

Kjobergbygget, Kinsarvik

Etablerarfond for Bergensregionen:

Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Telefon: 56 37 58 88

E-post: post@nordhordland.net

Postboks 13, 5902 Isdalstø

Søkjjarar kan ta kontakt med forvaltaren av etablerarfondet for meir informasjon og rettleiing.